



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Karen Løvfall Våge	958 24 275	2023/405-4	«REF»	30.01.2023

Velkomen som eigar av landbrukseigedom - 145/1 - Husnes

Landbrukskontoret i Kvinnherad har registrert at du har overteke landbrukseigedom i kommunen.

Utifrå opplysningar i NIBIO Gardskart har gnr./bnr. 145/1 til saman følgjande areal:
11 daa fulldyrka jord, 10 daa innmarksbeite og 130 daa produktiv skog, inkludert anna areal, totalt 188 daa på eigedomen. <https://gardskart.nibio.no/landbrukseiendom/4617/145/1/0>

Konsesjonsvedtak:

**Kvinnherad kommune gjev konsesjon på overtaking av gnr/bnr 145/1 som omsøkt.
Arealet skal nyttast til landbruk. Det vert sett vilkår om at eigedomen tek del i fellestiltak.**

Ei rekkje planleggings- og tilsynsoppgåver knytt til landbruket vert utført ved landbrukskontoret og vi forvaltar ulike statlege tilskotsordningar. Landbrukskontoret har som oppgåve å førebu saker etter jordlov, skoglov, odelslov og konsesjonslov. Det vert for omfattande å koma med eit fullstendig oversyn over kva vi kan hjelpa dykk med i eit brev.

Som ny eigar har de kanskje fleire spørsmål. De er difor velkomne til å ta kontakt for ein prat dersom de ønskjer det, og gjerne for eit besøk på landbrukskontoret.

Det er driveplikt på landbrukseigedomar. Det betyr at eigaren av jordbruksareal må sørge for at jorda blir driven, altså at det er mogleg å produsere mat på arealet også i framtida. Les meir her: <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/eiendom/driveplikt>

Vi anbefalar å følgje med på «Landbruket i Kvinnherad» på Facebook. Her kan du sjå kva aktivitetar som rører seg i landbruket. Meld deg gjerne inn i den lukka gruppa «Bønder i Kvinnherad» for å få kontakt med folk med direkte tilknytning til landbruksdrift i Kvinnherad.

Vi vil ynskja lukke til vidare som eigar av landbrukseigedom.

Meir informasjon om landbruket finn du på www.landbruksdirektoratet.no. Nyttig informasjon for nye bønder finn du også på www.bondeboka.no

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Karen Løvfall Våge
Landbrukskonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.